

Over 60 meter lang kai

07.05.2012



**Arbeidet med den over 60 meter lange kaien som er første byggjesteget i bustadprosjektet på Eikelandet går raskt framover.
Det tek allereie form og så vil i stor grad marknaden avgjera kva som vil skje med det framover.**

Det er Geir Rusten gjennom hans selskap Sagvåg Invest som står bak det. Sjølv om lite er sikkert så langt er det ingen tvil om at utsikten vil vera fantastisk for dei som eventuelt skal bu der.

Dei vil også bu på tradisjonsrik grunn. No er det 83 år sidan sjøkaptein Tørvis Sveinsen Myklebust (1894/1967) gjekk i land og grunla Uskedal Trelastlager på staden. Han kjøpte nokre sjøbuer som han bygde på etterkvart.

Den seinare så livskraftige verksemda hadde ingen stor suksess frå starten. Trelastlageret vart lenge på Eikelandet, men sommaren 2006 vart dei siste restar av bygningane revne og siden har tomta lege der unytta.

Prosjektet som har vore lansert har så langt ikkje vore lett å marknadsføra. Mange ventar spente på neste kapitel. Blir det ein annan hustype eller den same?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen